

Jule-utstillarar frå Uskedalen i Rosendal

23.10.2009



Friheim Gardsmat er ein av 36 utstillarar under Jul i Rosendal. Her smakar Ruth Slåke Sæle på produkta tidlegare i haust. Bjørg Inga Friheim Miljeteig serverar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jul i Rosendal er ein heilt ny og spanande tradisjon men responsen har vore fantastisk og samtlige 36 boder som vil stå i kaiområdet er fylt opp. Tre av dei har uskedelingar som utstillarar - det er Brødrene Hjørnevåg, Friheim Gardsmat og Elin Enes.

Brødrene Hjørnevåg skal by på lutafisk og fiskekakar medan Friheim kjem med kjøtpølsar, spekemat og moglegens pinnebogar. Elin Enes lokkar med sju ulike slag julekjeks og julebrød og konfekt.

Bodene blir fylt opp med utruleg mykke forskjellig. Her vil det ikkje berre vera mat for magen, men også for augo. Både dyktige kunsthandverkarar og barn til delta, opplyser primus motor Linda Øen.

- Alt frå handlingsboren kunnskap til dei nyaste teknikkane blir representert, seier Linda og trekk fram eit døme og spør om vi veit kva ein sagemann er!

Ho legg til at ein vil treffa på slike koselege karar i ein bod medan ein i ein annan kan finna dei finaste dokkekle. I ein tredje bod er det tøffe tova tøflar og i ein fjerde morosame pølsedyr.

Det blir også kortreist mat til fuglane å få kjøpt.

Ein av utstillerane vil vera Rosendal Bokhandel, som mellom anna vil presentera boka til Otto Ersland om mat i Sunnhordland. Boka kjem ein av dei første dagane og Friheim Gardsmat er representert også der.

- Vi vil vise at det er liv i bygdene her også om vinteren samstundes som vi tar jula attende og gjev små og store ei god oppleving med vekt på gamle juletradisjonar, seier Linda. Jul i Rosendal skal avviklast frå 26. til 28. november og i desse dagane vert det juleaktivitetar overalt i sentrum.

Til dømes vert det også juleverkstad for born, hesteskyss og song og musikk.

Av Ola Matti Mathisen